



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 13.02.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Øyvind Festø	Gunnar Strøm PS 18/18	MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar, PS 18/18
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 20/18
Terje Sunde	Prosjektleder teknisk, OS 20/18

SAKLISTE

Saksnr. PS 16/18	Sak Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 17/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 18/18	Planprogram for KDP og KU for bru over Voldsfjorden -



VOLDA KOMMUNE

Planid 2016011

PS 19/18	Felles samferdselsprosjekt Volda Ørsta – Samferdselspakke
PS 20/18	Volda Campus Arena - kommunal garanti
PS 21/18	Orienteringssaker
OS 20/18	Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida i Volda sentrum
OS 21/18	Folkeengasjement for utvikling i Volda
OS 22/18	Sluttrapport kortversjon, prosjekt Skulebakken, orientering til kommunestyret
OS 23/18	Klage på manglende internett og mobilnett i Dravlausbygda
OS 24/18	Informasjon om avvikling av trykte rutehefter
OS 25/18	Volda ferjekai

PS 16/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var sju møtande ved møtestart.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Ordføreren kom med følgjande tillegg til saklista:

- Odd A. Folkestad ynskjer å ta opp spørsmål om ny ferjekai i Volda.
- Ordføreren informerte om felles formannskapsmøte med Ørsta den 21.02.18, kl. 12.30 på rådhuset i Ørsta. Agenda for møtet vert: felles samferdselspakke, sams kommunedelplan for området Mork og Hovden, informasjon om interkommunale samarbeid og informasjon frå Foreningen Norden.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføreren, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 17/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 30.01.2018 vart samrøystes godkjent.

Sølvi Dimmen møtte kl. 12:06.

PS 18/18 Planprogram for KDP og KU for bru over Voldsfjorden - Planid 2016011

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i pbl. § 11-13 jf. pbl. § 4-1 vert planprogram for kommunedelplan og konsekvensutgreiing for bru over Voldsfjorden sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik det ligg føre.

Frist for å gje uttale vert sett til seks veker.

Handsaming:

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er næraste nabo til planområdet, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Odd A. Folkestad møtte kl. 12:08.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er dagleg leiar for Voldsfjordkryssing, som er part i saka, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent inhabil. Vara Øyvind Festø tok sete.

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Planleggar Heidi Istad orienterte.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteke, Øyvind Festø røysta imot.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Formannskapet - 13.02.2018

Med heimel i pbl. § 11-13 jf. pbl. § 4-1 vert planprogram for kommunedelplan og konsekvensutgreiing for bru over Voldsfjorden sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik det ligg føre.

Frist for å gje uttale vert sett til seks veker.

Gunnar Strøm og Odd A. Folkestad tok sete og vara Øyvind Festø gjekk.

PS 19/18 Felles samferdselsprosjekt Volda Ørsta - Samferdselspakke

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Formannskapet tek rådmannen si utgreiing vitende.*
- 2. Til å forhandle med Ørsta kommune og evt. Statens vegvesen om innhaldet i Felles samferdselspakke Volda-Ørsta vert valt;*

- 1.*
- 2.*
- 3.*

Handsaming:

Ordføraren orienterte.

Odd A. Folkestad, Volda FrP, kom med slikt framlegg:

- 1. Drøftingar med Ørsta om felles samferdsels-/bompengepakke vert å avslutte.*
- 2. Trafikkprognoser framlagde av Statens vegvesen for Voldatunnel, viser at dersom ein plasserer ein bomstasjon inne i denne tunnelen, så vil dette gi meir enn nok bompengeinntekter for dette prosjektet.*

Ordføraren kom med slikt framlegg til punkt 2: *Ordføraren, varaordføraren og Arild Iversen.*

Fride Sortehaug kom med framlegg om *Dan Helge Bjørneset som 1. vara.*

Dan Helge Bjørneset kom med framlegg om *Odd A. Folkestad.*

Ordføraren kom med framlegg om *Odd A. Folkestad som 1. vara.*



VOLDA KOMMUNE

Fride Sortehaug trekte framlegget sitt.

Dan Helge Bjørneset trekte framlegget sitt.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk 1 røyst (Odd A. Folkestad) og falt, åtte røyta imot.

Tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 13.02.2018:

- 1. Formannskapet tek rådmannen si utgreiing vitende.*
- 2. Til å forhandle med Ørsta kommune og evt. Statens vegvesen om innhaldet i Felles samferdselspakke Volda-Ørsta vert valt;*

- 1 Ordførar Jørgen Amdam*
- 2. Varaordførar Fride Sortehaug*
- 3. Arild Iversen*

Vara: Odd A. Folkestad

PS 20/18 Volda Campus Arena - kommunal garanti

Administrasjonen si tilråding:

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr. 45 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 10.01.2018.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- 1. Garantien er ein sjølvskyldnargaranti*
- 2. Garantien gjeld for inntil 25 år*
- 3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*

Volda kommune garanterer for forskotering av spelemidlar pålydande 29,6 mill kr. Midlane vert finansiert med bruk av disposisjonsfond og vert utbetalt når tilskot er innvilga.

Volda kommune har som intensjon å etablere ein 20 års leigeavtale med Volda Campus Arena. Ein føresetnad for ein slik avtale og garanti for lånet er at Møre og Romsdal fylkeskommune forpliktar seg til tilsvarande langsiktig leigeavtale på 20 år.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Rådmannen la til følgjande tillegg til administrasjonen si tilråding.

Volda kommune garanterar for spelemidlar pålydande kr 29.6 mill - jfr Retningslinjer om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet pkt 2.2.4

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegg frå rådmannen, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.02.2018 til kommunestyret:

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr. 45 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 10.01.2018.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- 4. Garantien er ein sjølvskyldnargaranti**
- 5. Garantien gjeld for inntil 25 år**
- 6. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet**

Volda kommune garanterer for forskotering av spelemidlar pålydande 29,6 mill kr. Midlane vert finansiert med bruk av disposisjonsfond og vert utbetalt når tilskot er innvilga.

Volda kommune har som intensjon å etablere ein 20 års leigeavtale med Volda Campus Arena. Ein føresetnad for ein slik avtale og garanti for lånet er at Møre og Romsdal fylkeskommune forpliktar seg til tilsvarende langsiktig leigeavtale på 20 år.

Volda kommune garanterar for spelemidlar pålydande kr 29.6 mill - jfr Retningslinjer om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet pkt 2.2.4.

PS 21/18 Orienteringssaker

OS 20/18 Flaumtilpassningstiltak i Melshornsida i Volda sentrum

Teknisk sjef Rune Totland og ingeniør/prosjektleder Terje Sunde orienterte om flaumtilpassningstiltak i Melshornsida. Formannskapet kom med innspel og var samde om at dette er tiltak som må prioriterast. Formannskapet vil få saka attende som politisk sak.



VOLDA KOMMUNE

OS 21/18 Folkeengasjement for utvikling i Volda

OS 22/18 Sluttrapport kortversjon, prosjekt Skulebakken, orientering til kommunestyret

OS 23/18 Klage på manglende internett og mobilnett i Dravlausbygda

OS 24/18 Informasjon om avvikling av trykte rutehefter

OS 25/18 Volda ferjekai

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om planane og prosessen kring ny ferjekai i Volda og bad om at formannskapet vert informert om saka. Ordføraren opplyste om at han vil ta opp saka med Statens vegvesen.

Møtet slutt kl. 15:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
14.02.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent